

*In Via er ein viktig samfunnsaktør, og leverer arbeids & inkluderingsstenester i heile Nordfjord. Vi er lokalisert på Sandane, Nordfjordeid og i Stryn. Vi har til ei kvar tid mellom 55 og 65 personar inne på tiltak og er arbeidsgjevar for kring 40 personar.*

## Ledig stilling som Rådgjevar

In Via har ledig stilling som rådgjevar på avdelinga vår på Nordfjordeid. Ledig deltid/full tid.

### Til denne stillinga leitar vi etter ein person med:

- Vilje til å stå på og yte maksimalt til fordel for deltakar
- God menneskekunnskap med blick for ressursar og utviklingspotensial
- God evne til å lytte
- Godt humør
- Evne til å vere motiverande og sjå ulike løysingar til beste for deltakar
- Oppteken av kommunikasjon og samspel mellom menneske
- God kjennskap til helserelaterte utfordringar

### Kjennskap til:

- NAV
- Attføringsbransjen og tilbod desse bedriftene rår over
- Utredning og kartlegging

### Den som blir tilsett må kunne

- Leie samtaler både med enkeltdeltakar og i gruppesamanheng.
- Leie temabasert undervisning.

### For stillinga gjeld:

Du må kunne samarbeide og løyse utfordringar, samstundes er det vesentleg at du er sjølvstendig og nyttar dine kreative evner.

### Utdanning/yrkeskategori:

For oss tel rett person på rett plass. Personlege eigenskapar blir derfor tillagt stor vekt. Vi er ute etter personar med høgskuleutdanning. Er ønskjeleg med erfaring og kompetanse innan helse (til dømes ergoterapi, fysioterapi og verne-/sjukepleie med rettleiingskompetanse). Har du lyst til å prøve noko nytt og utfordrande, så er kanskje du ein av dei vi leitar etter. Treng du meir opplysning – ring dagleg leiar Geir P Ueland 90 98 22 95 eller avdelingsleiar Ester Andreassen 48 32 80 07

Skriftleg søknad med CV sendast til [ueland@in-via.no](mailto:ueland@in-via.no)

**Søknadsfrist: 15. september.**



Kompetanse-  
og læringspartnar

[www.in-via.no](http://www.in-via.no)